



Styret i Natås barnehage
Sævråsvegen 250
5957 MYKING

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1192 - 17/2923

Saksbehandlar:
Astrid Namtvedt Sylta
syas@lindas.kommune.no

Dato:
31.01.2017

Svar på søknad om utviding/godkjenning av Natås barnehage

Vi viser til søknad om utviding av Natås barnehage datert 10.01.2017. Natås barnehage ber om at kommunen må ta denne søknaden med i dei vidare planane om barnehagetilbodet i nordre del av kommunen. I søknaden vert det peika på at barnehagen har ei godkjenning frå Miljøretta Helsevern på 45 plassar medan Natås barnehage si godkjenning etter Barnehagelova er på 36 barn over 3 år.

I vedtak om godkjenning av Natås barnehag etter Barnehagelova datert 27.01.2016 står det, sitat: *Natås barnehage har eit godkjent leike- og opphaldsareal på 180 m². Barnehagen er godkjent for 36 barn over 3 år.*

Natås barnehage har såleis meir areal enn det dei 36 plassane krev. Dette er årsaka til at barnehagen har fått dispensasjon til å ta mot fleire barn når det har vore behov for det. Dispensasjonen har vore knytt til barn med *rett til plass* jfr. Barnehagelova § 12 a.

Lindås kommune kjem til å vurdere kapasitet og behov for barnehageplassar på kort og lang sikt. Innspelet frå Natås barnehage vil verte tatt med i denne prosessen. Noko av dette arbeidet vil kommunen starte med i samband med *prosjekt ny kommunal barnehage på Lindås*.

Med helsing

Kristin Moe
kommunalsjef

Astrid Namtvedt Sylta
rådgjevar oppvekst

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.



Mottakarar:

Styret i Natås barnehage

Sævråsvegen 250 5957

MYKING